

På www.firdaposten.no

- BILDE: Lesarane sine Jonsok-bilde
- BILDE: Jonsokfeiring på Sørstrand
- BILDE: Rideskule i Brandsøy



Uvanleg og spiseleg sydenturist i Florø

Side 12



Firdaposten

Låge publikumstal førte til konkurs

Flora Bowling AS er konkurs, og skuldar om lag 0,5 millionar kroner. Eigarane seier årsaka er alt for låge besøkstal. Investor John Olav Lefdal seier seg likevel villig til å legge meir pengar i framtidig bowlingdrift i Florø, om nokon vil drive.

Side 4



Opna nybygg på Svelgen Oppvekst

Avtroppande driftsleiar Kåre Myklebust var svært nøgd med at arvtakaren Carina Endresen Solvåg (t.v.) og fagleiar Kari Rita Frøyen i barnehagen kan ta over det flotte nybygget ved Svelgen oppvekst.

Side 10

«Det vert ikkje meir pengar til drifta i Flora kommune om vi – ikkje er i Robek, det reknar eg med at Halvor Halvorsen òg skjønar»

■ Lesarbrev side 17

Sankthansidyll på Sørstrand



SOMMAR: Det var familiefest og midtsommarsfeiring på badestranda på Sørstrand torsdag kveld.

Foto: David E. Antonsen

Rundt 300 menneske tok turen til Sørstrand Folkepark for å feire midtsommar torsdag kveld. Eldsjelene bak folkeparken lovar enda større fest til neste år, då anlegget skal stå ferdig med mellom anna nye trebruer.

Les meir side 14

SØNDAGS-ÅPENT

I HAGESENTERET

kl. 12.00–18.00

Lørdag kl. 9.00–15.00

ALLE KRUKKER

÷ 50%

Kun lørdag og søndag

Hageland

Rognaldsen Gartneri
tlf. 57 74 22 94

Hugs boknatti
25. juni,
Fjærland
www.bokbyen.no

Godt oljenytt for Fjord Base

Stortingsrepresentant Erling Sande (Sp) meiner at den nye petroleumsmeldinga frå regjeringa er gode nyheiter for oljemiljøet i Flora. Side 11



Unik sjanse for motorsportmiljø

Florø motorsportklubb har no ein unik sjanse til å sikre seg tomtealand til ei motorsportbane, då Statskog skal selge ut store område. Side 8



MASSEMØNSTRING: Så mange som 300 hadde møtt opp for å feire sankthans på Sørstrand. Framme f.v.: Jan Henrik Nygård og Sigmund Frøyen i Sørstrand folkepark.

Alle foto: David E. Antonsen.

Feira midtsommardagen



GRILL: Pølser og marshmallows høyrer med.

FLORØ: Så mange som 300 små og store hadde møtt fram då midtsommardagen skulle feirast med pølser og bading på stranda i Sørstrand folkepark.

DAVID E. ANTONSEN
david@firdaposten.no

– Dette er fantastisk. Det blir fleire og fleire som kjem for å feire sankthans her på Sørstrand.

Det sa to av arrangørane til årets feiring på Sørstrand, Jan Henrik Nygård og Sigmund Frøyen i Sørstrand folkepark, torsdag kveld.

Familiehygge x 300

Klokka har så vidt bikka 18, men det er allerede trøngt om plassane på kvar ein knaus og benk nede på stranda. Dei ti nye benkene dugnadsgjengen i folkeparken har laga, er allerede opptekne. Foreldre sit og pratar saman, medan ungane finn saman til andre sprell og aktivitetar. På stranda nedanfor storkosar dei minste seg i det grunne vatnet, som ikkje har blitt så veldig mykje varmare dei få dagane sola har skine. Og ja, sola skin på Sørstrand. I motsetnad til andre stader inne i fylket, der det var rapportert om regnbyer.

Dei tre åra Sørstrand folkepark har arrangert slike sankthansfei-



ROTA: Sankthans-bålet på Rota vart tent klokka ti.



BADING: På Sørstrand er kaldt, men morosamt.



KALDT: Eit sjøbad i slutten av juni er av det kaldare slaget. Då er det fint å varme seg ved bålet.

Heimekamp
3. divisjon



FLORØ SPORTSKLUBB

FSK – FANA

Florø Stadion, grasbana,
LAURDAG 25. JUNI KL. 16.00

Bill. vaksne 80,-, pensjonistar 40,-, born gratis. Kiosk.

Kamp-
sponsor:



Vi spelar på lag med



ringar, har talet på besøkande auka jamt og trutt. Det har etter kvart blitt ein viktig tradisjon for mange, trur Jan Henrik Nygård. Og det er fleire grunnar til det.

– Å kunne feire sankthans klokka seks på ettermiddagen i staden for seint på kvelden, er betre for småbarnsfamiliar, seier Nygård og ser ned på stranda.

– Og arrangementet på Sørstrand har fleire fordelar. Her kan ungane leike saman i strandkanten så mykje dei vil, medan foreldra kan sitje og snakke saman her oppe. Dessutan er det lunt og fint her, seier Nygård.

Slår på stortromma i 2012

Neste år vil dei verkeleg slå på stortromma, lovar dei to arrangørane. Då blir det nemleg opning av den ferdigstilte folkeparken, med eit heilt anna opplegg enn i dag. Då står dei nye bruene ferdige. Prosjektet er godt på veg, midlane er i banken og Kinn Arkitekter er i full gang med å prosjektere. Til hausten rullar anleggsmaskinene ned på Sørstrand.

– Målet er at det skal bli ferdig til jul. Då vil vi gå ein fin vår i møte til neste år, med ein meir forseggjort park, seier Nygård.